


Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja.

Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder. Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på T-dagar.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

Velkommen til babysong

i **VANGSKYRKJA**
Haust 2019



Me vil invitera dykk til **T**₁-dagar; BABYSONG I VANGSKYRKJA

Kva er babysong?

Babysong er leik med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling. Me skal syngja ulike musikksgangrar, dansa saman og bruka ulike rytme-instrument.

Kvifor babysong?

Som mor/far er det berre du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt. Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Ingen forkunnskap trengs for å delta, og det er ingen krav til sangstemme. For barnet er stemma di det kjæraste og næraste!

Kursleiar:

Åshild Bøe Kharazmi, er leiar for barnekoret i kyrkja og har hatt babysongkurs ei rekkje gonger tidlegare.

Praktisk.

Babysong startar opp i veke 37 og går over 7 tysdagar. Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen, eit teppe som han/ ho kan ligge på, og ein gulpeklut...

Gje beskjed: -om mjølk-/gluten-/eggallergi (føresette).

-om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.

-om de ikkje ynskjer at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Det vert to heilt like kurs på to ulike tidspunkt:

Kurs 1: Kl 10:30 Babysong, etterpå føremiddagsmat for dei vaksne fram til ca 12:00.

Kurs 2: Kl 11:30 Føremiddagsmat for dei vaksne, etterpå Babysong fram til kl 13:00.

Gje beskjed ved påmelding kva kurs de ynskjer.

Kyrkja er open frå kl 10:10, slik at ein kan koma tidleg og ha god tid til litt babystell før me byrjar kl 10:30:)

Datoar for babysongsamlingane er desse tysdagane: **10.09, 17.09, 24.09, 01.10, (08.10, haustferie) 15.10, 22.10 og 29.10**

Påmelding innan fredag 06.09 til 952 98 681